



KYRKJELEG FELLESRÅD

KYRKJEVERJA I KVAM

Til medlemene i
Kyrkjeleg fellesråd i Kvam

Postadresse:
Norheimsund kyrkje,
Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND
E-mail: OL485@kyrkja.no
Telefon: 41 40 00 35
Bankgiro: 3530.20.70472 - Org.nr.: 976995082

Dykkar ref:

Vår ref:
os1/11/25

Dato:
21.11.2025

Innkalling til møte i fellesrådet

Stad: Norheimsund kyrkje
Tid: Onsdag 3. desember 2025 kl 16.30

Sakliste: 39/25 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat
40/25 Meldingar
41/25 Symbolbruk i minnelundar

Varamedlemene møter dersom den faste representanten melder forfall.
Mogeleg forfall skal meldast til sekretæren i god tid før møtet.

VEL MØTT !

For Fellesrådet:

Kjell Dysvik, leiar

Olav Skeie Lid, sekretær

39/25 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Framlegg til vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 5. nov 2025 vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde:

40/25 Meldingar

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde meldingar til vitande.

- Innsamlinga til orgelvøle i Strandebarm er i mål. I sanning eit godt resultat av komiteen! Pengane er overlevert fellesrådet, og står trygt på konto hos oss, kr 1.025.000,- Kyrkjevevje er i dialog med heradet for å høyra om dei kan vera bank og låna oss pengar til momsen – nok ein gong. Det ordnar seg nok.
- Innsamlinga i regi av Vikøy sokneråd til nye LED-lampar kring kyrkja i Norheimsund har også vore ein suksess. I skrivande stund er kr 65 000 samla inn, og nye lampar er bestilte. Summen er meir enn me treng til Norheimsund, men litt for lite til å dekkja Vikøy også. Men her må fellesrådet kunna skyta til det som vantar, tenkjer eg.

Det slår meg difor: dei ulike sokna har vist stor vilje til å løysa kommunale oppgåver. Både flaumljos og orgelfinansiering ligg utanfor det som er sokna sine kjerneoppgåver – her må heradet få klar og tydeleg informasjon om kva gjevarglede som vert dei til del!

- Flygelet i Norheimsund kyrkje har sårt trong for eit større vedlikehaldsløft, evt må det kjøpast inn eit nytt instrument. Dagens instrument er eigd av Hardingtonar, og kyrkja leiger det til vårt bruk med ein årleg sum på kr 5000,- samt at me stemmer det frå tid til annan. Dette har vore ein vinn-vinn situasjon for alle partar i mange år: Hardingtonar får ha sitt flygel ståande temperert og i stadig bruk, og kyrkjelyden i Norheimsund har fått eit godt instrument i sin midte for ein rimeleg penge. I dag er det vanskeleg å sjå for seg at ein skal gå attende til piano igjen her i dette kyrkjerommet – no er me bortskjemde, og den hyppige konsertbruken av kyrkja er også eit tungt argument for framleis å ha eit flygel. Imidlertid slit også Hardingtonar med økonomien, og ser ikkje for seg at dei kan klara dette vedlikehaldsløftet/nyinvesteringa no, og har lufta tanken om at kanskje kan kyrkja og Hardingtonar gjennomføra dette løftet i lag? Synergieffekten av to store kulturinstitusjonar hand i hand vil vera god, og me har alle alt å vinna på å klara behalda eit godt flygel i Norheimsund kyrkje. I første omgang ligg denne ballen hjå soknerådet, som må gjera dei nødvendige vedtak. Det vil vera dei som er den naturlege eigar av flygelet, saman med Hardingtonar. Begge institusjonar må samla inn pengar for å klara dette, og ein sams flygelkomite er kanskje vegen å gå? Så får fellesrådet gjera det fysiske innkjøpet når den tid kjem, for å sikra oss at momsen kjem att – dersom dette vert ein realitet, då. Det skjer ikkje i år. Time will show.
- Siste tilskot frå riksantikvaren vedrørende restaureringa av Strandebarm kyrkje er kome på konto, kr 1.500 000,- er på plass. Det drog litt ut før dette var i boks. No kan me gjera opp vår sak med heradet.
- Budsjettframlegget frå administrasjonen i heradet for 2026 var for så vidt positiv lesnad: me får vidareført det tilskotet me har i år, og pris-og lønsauke vert innbakt i driftstilskotet.

Det vil seia at den ekstrapotten som vart oss til del i år, kr 500 000,- vert vidareført. Slikt varmar. Så skal ein likevel vera merksam på at kyrkja i Kvam sin del av det kommunale budsjettet er **0,6%**. Eller 6 promille, om du vil. Snittet for tilsvarande kommunar i landet vårt ligg på **1,1%**, med ein variasjon mellom 0,7 og 2,0. Me kan neppe skuldast for å vera ein budsjettvinnar i så måte. Men gode relasjonar skal ein vel ta vare på, uansett? Budsjettet ligg no til politisk handsaming, og vil ikkje verta vedteke før tett oppunder jul.

- På investeringsfronten var det eit ynskje frå oss om å få realisera minnelund i Norheimsund. Denne er teikna og gryteklar, men ikkje finansiert. Den er kostnadsrekna til kr 3,5 mill, og i skrivande stund er det uklart om fleirtalet i heradsstyret ynskjer å prioritera denne høgt nok i ei særdeles krevjande tid for heradet. Administrasjonen har ikkje funne rom for dette prosjektet - politikarane avgjer før jul.

41/25 Symbolbruk på minnelundar i Kvam

Det vert lagt fram to ulike framlegg til vedtak:

Alt 1: Kvam kyrkjelege fellesråd vil ikkje ha symbolbruk eller ekstra tekst på namneplater på minnelundar i Kvam, kun namn og dato/årstal på dei døde.

Alt 2: Kvam kyrkjelege fellesråd opnar for at det kan nyttast eit avgrensa tal symbol på minneplater knytt til Øystese minnelund. Desse er: hjarte, kross, blom, fugl. Kyrkjevevje får fullmakt til å dispensera frå desse symbola og nytta andre, dersom det er tungtvegande grunnar for det.

Kyrkjevevje tilrår alternativ 1.

Denne saka kjem til ny handsaming i dag. Kyrkjevevje fekk i sist møte i oppdrag å skaffa meir kunnskap om korleis symbolbruk fungerer på minnelundar rundt i landet i dag. Kort oppsummert: *dette varierer stort*. Det finst mange hundre minnelundar i Noreg i dag, ikkje to av dei er like. Noko overordna føring frå statsforvaltar på dette feltet finst ikkje. Minnelundar har i det heile ein enorm variasjon i utforming. Nokon plasser har ein opna for symbolbruk med stor variasjon i uttrykket, andre stader har ein prøvd å avgrensa antal symbol. Atter andre har ingen symbol tillate. Felles for dei alle er at dei pårørande i svært stor grad rettar seg etter dei ordningar som er vedtekne, får eg opplyst. Dispensasjonar førekjem, men i svært liten grad. Dei som har opna for stor variasjon av mange ulike symbol, har fått nettopp dette: ein stor variasjon. Det er ulike augo som ser, naturleg nok - men der artsmangfaldet innanfor symbolbruk er stor, t.d. minnelund på Eidsvåg, framstår minnelunden for underteikna som rotete, Dersom det skal vera symbolbruk i Øystese, er det kyrkjevevje si klare tilråding at talet på symbol vert få og enkle – og gjerne små. Også arkitekten Gøril Kjosås er oppteken av at symbolbruken fort kan bli meir dominerande enn godt er, og hennar syn er klart: det beste er at det ikkje vert opna for symbol.

Når det tilrådde framlegget i dag er endra frå kyrkjevevja si side, heng det saman med at det har gått opp for meg at me her må ha fleire tankar i hovudet: *det vil koma minnelundar andre stader i heradet også*. Den som er kome lengst i planlegginga, er minnelunden i Norheimsund.

Arkitektkontoret som arbeider med denne, Geoplan, er tydelege på at på deira planlagde minneplater vil det vera knapt med plass til symbol, og dei ynskjer difor ikkje opning for symbol på denne minnelunden. For å sleppa denne diskusjonen mange gonger, trur kyrkjevevje det er klokt med eit felles vedtak for heile kommunen.

Dersom alternativ 2 likevel vert vedteke for Øystese sin del, vil det høgst truleg også verta nødvendig med ei ordning for vurdering av dispensasjonar. Det er vanskeleg å sjå for seg at fellesrådet gjennom sitt vedtak klarar fanga opp alt som måtte koma. Spesielt ulike livssyns-symbol vil det vera vanskeleg å koma utanom, dersom det kjem slike ynskje.

Gravferdsforvaltinga skal handsama alle religionar med same respekt. Det er altså kyrkjevevje sitt framlegg at gravferdsforvaltinga då får fullmakt til å avgjera slike dispensasjonar, slik me i dag gjer det i lovs form på ordinære gravminne. Dette vil sjølvstakt ikkje vera aktuelt dersom fellesrådet vedtek at minnelunden skal vera utan symbol – då er bordet rydda ein gong for alle. ‘

Frå kyrkjevevje side er konklusjonen difor klar: **eg tilrår at fellesrådet vedtek alternativ 1, som vil vera retningsgjevande og avklarande for resten av heradet.**